

VANGSK - IRANSK kveld på Grindaheim fredag 24/10 kl. 19.30.

Valdreskvelven har teke kontakt med hotellet for å forhøyre oss om mulegheitene for litt kulturutveksling og kontakt med dei iranske flyktingane der. Me fekk svært positive reaksjonar på dette, og fyrstkomande fredag (FN-dagen) ville det vera fint om me kunne koma. Og det gjer me, så no må instrument og dansetakt finstillast og engelsken finpussast. Dei aller fleste iranarane pratar engelsk, og mange har gjort store framsteg med norsken alt. Me vil få servert iransk mat, og det vil også bli innslag med deira musikk og dans.

Kvelden vil truleg starte med våre innslag , så alle må møte presis (helst eit kvarter før). Me håpar å kunne gje døme på mange av våre instrument - hardingfele, langeleik, torader, bukkehorn, munnharpe, lur, mm. Ta med dei instrumenta du har! Springar og halling lyt med, og kanskje ein masurka eller galopp. Me satsar dessutan på at iranarane skal lære seg minst ein norsk dans denne kvelden! Etter program og mat blir det dans etter takter frå spelemannslaget og forhåpentlegvis andre krefter. Det vil bli ein kveld som er open for alle, så me håpar bygdefolket sluttar opp og er med på å gjere dette til ein vellukka kveld. Håpar i alle fall at du/de som får dette brevet stiller opp, og få gjerne med fleire.

Onsdag er det øving i spelemannslaget på Åsvang (kl.19.30). Same tid og stad er det oppløring i polsdans, og torsdagskveldane er det hallingdans i Torpe skule. Medlemsfesten vår blir ikkje 1.november, han blir skudv tre veker fram i tid til den 22.

Så langt med informasjon i denne omgang. Me sjåast på Grindaheim fredagskvelden!

Øylo 20/10-1986

Styret v/

*Nils Røgn*